

ALLE SPILL & PUSLESPILL

-40%

GJELDER T.O.M. 13.10

◀

Skrap En Date

PR VIKKE DATE IDEER

▶

ARK

ARK

ARK

Nyheter →

Kåra til årets butikk i Rogaland og Sunnhordland

Joker-butikken på Fogn har fått pris frå det statlege distriktsprogrammet Merkur.



Strategar i drifta av Joker Fogn; f.v. Kristoffer Østhus, Ivar Opsal, Gunhild Hovda Grønås, Øyvind Sandanger og Pål Rune Grønås.




Sigbjørn Høidalen
Redaktør

Oppdatert: 15 timar sidan

Under regionkonferansen til Merkur-programmet tysdag blei Joker Fogn tildelt prisen for årets butikk i Rogaland og Sunnhordland.

«Ein ekte distriktsbutikk med lojale kundar og god drift», står det i grunngjevinga.

ARTIKKELEN HELD FRAM UNDER ANNONSEN



Solgt!

Bø i Telemark / 231 m2 / Enebolig

Bård Betten-Øyane
Eiendomsmegler

Jeg har akkurat solgt
Oppheimvegen 1.
Vurderer du også å selge?

Ta kontakt

Merkur-programmet skriv i ei pressemelding:

Joker Fogn har hatt ei rivande utvikling etter at noverande drivarar tok over eit konkursbu i 2015. Sidan den gong er butikken pussa opp, og det er gjort investeringar og forbetringar jamleg. Med hjelp frå Merkur-programmet har butikken fått kaffebu, ny panteautomat, kjøleanlegg og kjøttdisk, solcelleanlegg og andre enøktiltak.

Det siste store løftet var opning av delvis sjølvbetent butikk i mai. Etter det har omsetninga auka med 12 prosent.

Butikken på Fogn er den einaste butikken på øya, og er ein viktig sosial møteplass. Drivarane er flinke til å tenkja nytt, og tek ei rolle som støttespelar for lokalsamfunnet. Dei arbeider også med å gjere innbyggjarane merksame på utfordringane med handelslekkasje.

– Prisen er ei anerkjenning av jobben dei tilsette gjer kvar dag, til beste for våre kundar. Dette gir motivasjon for det vidare arbeidet, både blant dei tilsette og hjå oss i styret, sa styremedlem Pål Rune Grønås under prisutdelinga.

LES ÒG:



Så mykje har Joker Fogn auka omsetjinga etter at butikken blei sjølvbetent

ABONNENT